

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
c1adf774-4b79- 4f1b-9f8f- 386e69b56874	19/153-14 /ELITVE/25/38183	FA-S11, HISTSAK- J13/218	04.12.2025

Uttale til søknad om å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 26.11.2025 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 086/25:

Ullensvang kommune rår ifrå at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Brattabøelvi Kraft AS løyve til å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk, med bakgrunn i omsynet til natur og landskap.

Helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no





SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	26.11.2025	086/25

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	19/153 – 11
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	25/32563

Uttale til søknad om å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk

Vedlegg
Høyring av søknad om å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk.pdf
Søknad om å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk.pdf

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

LOV-2000-11-24-82 Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)

LOV-2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår ifrå at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Brattabøelvi Kraft AS løyve til å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk, med bakgrunn i omsynet til natur og landskap.

Utval for samfunn, plan og næring 26.11.2025

Nytt forslag, sett fram av John Opdal, Høgre

Ullensvang kommune tilrår at Noregs vassdrags-energidirektorat gjev Brattabøelvi kraft AS løyve til å redusere minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk.

Habilitet:

Elin Eide Brattabø (H) stilte spørsmål ved eigen habilitet då ho er gift med Erlend Brattabø som er grunneigar i kraftverket og har økonomiske interesser.

Varamedlem John Opdal (H) møtte og Elin Eide Brattabø tredde frå.

Røysting: Elin Eide Brattabø vart samrøystes røysta inhabil i saka jmf. forvaltningslova §6c.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 10 mot 3 røyster (I.S. Vestrheim, T. Skulbru, J.Opdal), mindretalet røysta for framlegget frå J.Opdal (H).

USPN – 086/25 Vedtak


Ullensvang kommune rår ifrå at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Brattabøelvi Kraft AS løyve til å redusera minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk, med bakgrunn i omsynet til natur og landskap.

Saksopplysningar:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ber Ullensvang kommune om uttale til søknad om redusert minstevassføring for Brattabøelvi kraftverk. Ullensvang kommune har fått utsett frist for uttale til 05.12.2025.

NVE gav Blåfall AS (no Brattabøelvi Kraft AS) konsesjon 22.04.2014 til bygging av Brattabøelvi kraftverk. NVE gav vilkår om minstevassføring frå inntaket på 230 l/s i perioden 01.05.–30.09. og 20 l/s resten av året.

Brattabøelvi Kraft AS søkjer om løyve til å redusera minstevassføringa for Brattabøelvi kraftverk frå 230 l/s til 143 l/s i perioden 01.05.–30.09. Bakgrunnen for søknaden er at i konsesjonssøknaden var 5-persentilane oppgjeve til å vera 231 l/s sommar og 22 l/s vinter. I følgje Brattabøelvi Kraft AS er det usikkert på kva grunnlag 5-persentilane vart berekna av i samband med konsesjonssøknaden. Det er usikkert om dei vart skalert frå målestasjonen Brakhaug eller om bidrag frå planlagt overføring av bekk frå Bordmyrdalen var med i berekningsgrunnlaget.



Utklipp av nedbørfeltet frå søknaden til Brattabøelvi Kraft AS:

Vurdering:

I eit søk i databasen til vann-nett finn ein at vassførekomsten "047-179-R Brattabøelvi nedstraums inntak" har moderat økologisk tilstand. Rådmannen meiner det er for lite utgreidd i søknaden frå Brattabøelvi Kraft AS korleis mindre vatn i elva vil påverka det økologiske miljøet i og rundt elva.

Rådmannen meiner det burde vore gjort nye vurderingar for natur og landskap. I søknaden er det vist til utgreiingar i konsesjonssøknaden frå 2013.

Omsøkt løysing	Tørt år	Middels år	Vått år
Antall dagar med vannføring > største slukeevne	8	35	45
Antall dagar med vannføring > største slukeevne + minstevannføring	8	35	40
Antall dagar med vannføring < laveste slukeevne + minstevannføring	221	103	27

Utklipp av vassføring for omsøkt løysing:

Totalt sett er det ikkje mange dagane i året som vil få redusert vassføring med endring av omsøkt minstevassføring. Endringa vil vera 15 dagar i eit tørt år, 7 dagar i eit middels år og

8 dagar i eit vått år i forhold til i dag. Rådmannen meiner det er viktig å oppretthalda minstevassføringa som vart gjeve konsesjon til i 2014 av omsyn til natur og landskap.

Rådmannen meiner at det ikkje er godt nok dokumentert at tilsiget frå bekken i Bordmyrdalen skal tilsvare 38% av alt vatnet i Brattabøelvi.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår ifrå at NVE gjev løyve til Brattbøelvi Kraft AS sine endringar for minstevassføring i Brattabøelvi kraftverk.